

3

Norsk maalsoga for skule og heim

- a digital facsimile edition from *Project Runeberg*
<http://runeberg.org/maalsoga/0003.html>

Innleiding.

Tale og skrift — maalføre og bokmaal — kjernen i maalet
— daude og livande maal — maalskyldskap.

Det er tusund av aar sidan nordmennerne sette bu i *Norig* og gjorde det til heimlandet sitt. Dei hev rudd og bygt landet fraa fjell til fjøra og fest nordmanns-merket til alle stader for alle tider med *norske* namn paa fjell og dalar, paa vatn og elvar, paa fjordar og øyar og alt som bid.

Og landet og tungemaalet hev vore *det norske folk* si eiga fraa ætt til ætt, og hev saman med folket røynt mange slag lagnad.

I denne vesle boki skal me sjaa korleis det hev gjenge med *det norske maalet* fram igjennom tidene.

* * *

Men fyrst nokre ord um ting som vedkjem maalet reint aalment og um det norske maal sin skyldskap med andre tungemaal.

Det er sume som synest tru, at maalet er det same som den *skrift* me finn i bøkene. Dette er eit stort mistak; for skrifti er berre eit *bilæte*, og det oftast eit mykje ufullkome bilæte av eit maal. Det er *talen*, det livande ord, som er sjølve